



# Landslova

Jørn Øyrehagen Sunde (red.)



FAGBOKFORLAGET



JØRN ØYREHAGEN SUNDE (RED.)

# LANDSLOVA

KOMMENTARUTGÅVE



FAGBOKFORLAGET

Copyright © 2024 by  
Vigmostad & Bjørke AS  
All Rights Reserved

1. utgave 2024 / 1. opplag 2024

ISBN: 978-82-450-4404-1

Grafisk produksjon: John Grieg, Bergen  
Grafisk design ved forlaget  
Omslagsdesign ved forlaget

Magnuskvadet på for- og baksats: Gjengitt med tillatelse fra Guttorm Rogdaberg

Risset av Bryggeskipet på s. 415: Arkikon

Spørsmål om denne boken kan rettes til:  
Fagbokforlaget  
Kanalveien 51  
5068 Bergen  
Tlf.: 55 38 88 00  
e-post: [fagbokforlaget@fagbokforlaget.no](mailto:fagbokforlaget@fagbokforlaget.no)  
[www.fagbokforlaget.no](http://www.fagbokforlaget.no)

Materialet er vernet etter åndsverkloven.  
Uten uttrykkelig samtykke er eksemplarframstilling  
bare tillatt når det er hjemlet i lov eller avtale med Kopinor.

Vigmostad & Bjørke AS er Miljøfyrtårn-sertifisert,  
og bøkene er produsert i miljøsertifiserte trykkerier.



# FORORD

Landslova av 1274 er ei stor hending i både norsk og europeisk rettshistorie. Den er éi av tre riksdekkjande lovbøker som vart utgjeven på 1200-talet, og éi av to riksdekkjande lovbøker som regulerte samfunnet i si fulle breidde. Landslova er òg den einaste av dei tre riksdekkjande lovbøkene som faktisk vart nytta i praksis over mange hundre år fram til Kristian 5.s Norske Lov av 1687.

Landslova er unik. Samstundes er den del av ei omfattande endring i europeisk rettshistorie, der samling av eksisterande rett og ny lovgjeving vart meir og meir brukt for å regulera, men òg til å endra samfunnet. Det vart laga mange titals lovbøker i Europa på 1200-talet, men dei var ikkje riksdekkjande, og gjaldt i staden bare for regionar og byar, og dei var ikkje så sterkt prega av ny rett som Landslova. Det er grunnar for å hevda at halvparten av Landslova består av eldre rett som er direkte vidareført eller lite endra, medan den andre halvparten består av mykje endra eldre rett eller heilt ny rett.

Landslova er eineståande i norsk og europeisk rettshistorie fordi den er riksdekkjande og består av store mengder ny rett. Dette særigne er nok likevel noko som står fram meir i dag enn i lovas samtid. Årsaka er at innbyggjarane i det norske riket på 1200-talet nok var meir opptatte av dei konkrete reglane som var viktige i deira daglegliv, enn heile lovboka og kongens prosjekt. For dei spelte det nok ikkje så stor rolle om Landslova var ei samling eldre rett med noko ny lovgjeving eller ei lovbok prega av mykje ny rett, så lenge dei konkrete reglane vart opplevde som gode. Men i dag kan vi seia at Landslova er byrjinga på ein tradisjon for å styra samfunnet politisk gjennom lovgjeving.

Kongeleg politikk i mellomalderen vart litt enkelt sagt driven på tre måtar. Den fyrste og mest grunnleggjande var nettverksbygging, som skjedde gjennom giftarmål og gjennom valet av medarbeidarar. Ein lendmann, ein systemann eller ein lagmann var ikkje bare ein kongeleg embetsmann, men ein person som vart knytt til kongsmakta og slik fekk del i den mot å arbeida for å fremma den same kongsmakta. Den andre måten å driva politikk på var å gje privilegium og løyvingar. Å gje ein stormann rett til å krevja inn finneskatten av samar i Hålogaland, eller å gje ein biskop middel til å byggja eit hospital i ein by, skapte på éi og same tid lojalitetsband, samstundes som det var drift og utvikling av riket sine ressursar og aktivitetar. For det tredje kunne ein i mellomalderen altså driva kongeleg politikk gjennom lovgjeving.

Ei årsak til at det var mogeleg for Magnus Lagabøter å gje ei riksdekkjande lovbok som regulerte samfunnet i si fulle breidde, som skulle verta brukt i praksis i over 400 år, var at det alt fanst ein veletablert rettstradisjon i Noreg før 1274. Kongeleg lovgjeving var ein del av denne tradisjonen, men hadde lenge spelt ei avgrensa rolle fordi det var tinget som var det sentrale politiske organet.

*Ting* fanst på mange nivå, frå bygdeting til regionale ting og landsdelsting. Under desse fanst det grannestemne for dei som budde i same gardstun, og ting kunne setjast ved behov – på til dømes skip og i ølstove. Med Landslova vart tinget det sentrale konfliktløysingsorganet ved sida av lagstemne der lagmannen var einedommar. Men etter eldre rett var dómen minst like viktig, om ikkje viktigare som konfliktløysingsorgan. I dómen møtte personar oppnemnde av partane for å forhandla fram ei løysing på ein konflikt. På tinget møtte derimot alle med eigedom i eit avgrensa geografisk område. Det kunne vera både kvinner og menn, sjølv om fleirtalet ville vera menn. Deira oppgåve kunne vera å løysa konflikhtar. Men tinget hadde eit langt vidare politisk mandat og kunne både skapa ny rett og var eit organ som handheva avsa dommar med våpenmakt.

Å hylla kongar var òg ein del av tinget sin politiske aktivitet. For å verta konge for ein del av eller i heile det norske riket måtte dei av kongeleg ætt verta hylla på eit ting for området der dei gjorde krav på kongsmakt. Formelt var tinget med dette overordna kongen, og kongar kunne ikkje diktera kva som skulle vera lov og rett, men var avhengig av at tinget vedtok det som dei føreslo. Etter Frostatingslova hadde alle i landsdelen til og med plikt til å delta i å jaga med våpenmakt ein konge, jarl eller anna maktperson som braut det som var gjeldande lov og rett på Frostating. Tingets makt var likevel ikkje så absolutt som ein kan få inntrykk av, for kongar hadde stor militærmakt som kunne brukast til å tukta tinget.

Før Landslova av 1274 kunne altså kongar stilla forslag om lov på tinget, og dei hadde stor forhandlingsmakt, men var ikkje lovgjevarar sjølve. Store lovreformer kom difor i stand gjennom eit samarbeid mellom konge og ting. Kong Håkon 1. den gode og kong Olav 2. den heilage skal ha tatt initiativ til to store lovreformer i 954 og 1024. Vi har likevel ikkje pålitelege kjelder til hendingar så langt tilbake i norsk rettshistorie, så det er vanskeleg å vita alt frå årstalet for lovgjevinga til innhaldet i den. Det vi kan vita, er at det i spesielle høve må ha skjedd store politiske endringar knytte til lovgjeving òg før Landslova. Ikkje minst var lovgjevinga til Sankt Olav for Magnus Lagabøter både byrjinga av det kristne norske riket han sjølv var konge i, og den lovgjevingstradisjonen han plasserte seg sjølv og Landslova inn i.

Kong Håkon 1. vart nok kjent med lovgjeving som samfunnsstyringsmiddel medan han var hos kong Athelstan i England på fyrste halvdel av 900-talet, og Olav 2. det same medan han var ved erkebiskopen i Rouen sitt hoff i Normandie vinteren 1013–14. Lovgjevingsmakta som Magnus Lagabøter gjorde krav på, hadde eit anna opphav. Viktig er fredslovstradisjonen, som går tilbake til Sør-Frankrike på andre halvdel av 900-talet. Den vart brukt til å legitimera kongen som lovgjevar for å sikra den indre fred i riket. Dette avgrensa kongeleg lovgjeving til å gjelda regulering av valdsbruk og konfliktløysing. I denne tradisjonen står delvis lovgjevinga gjort i namnet til barnekongen Magnus 5. Erlingsson i 1163/64 og lovgjevinga til kong Håkon 4.

Håkonsson på Frostating i 1260. Men deira lovgjeving vart òg legitimert gjennom den romerske lovgjevingstradisjonen.

Alt medan Magnus Lagabøter vart hylla som konge i 1257, som i realiteten ville seia at han var godkjent som tronarving, føregjekk det større lovarbeid i det norske riket. I 1260 gav faren Håkon 4. både ei fredslov, som i realiteten var sett saman av delar frå minst to tidlegare lover, og ei tronfølgjelov. Året etter kom det ein kan kalla ei strafferettsreform. Kong Magnus Lagabøter var ikkje nemnt i samband med utarbeiding av Håkon 4.s nye lov. I tronfølgjelova av 1260 er det derimot sagt at han har samtykt til den nye ordninga, medan han er sagt å ha vore med i lovgjevingssprosessen i samband med ei omfattande strafferettsreform truleg frå 1261. Reforma kom same året Magnus Lagabøter vart krona til konge og regjerte på like fot med faren. Mogelegvis markerte kroninga at hans læretid som tronarving var over, og at han dermed var klar for å driva politikk som konge.

Håkon 4. døydde på Kirkwall på Orknøyane i desember 1263, etter eit stort felttog for å forsvara Hebridene og Isle of Man mot skotsk aggresjon. I mars 1264 kom liket til den avdøde kongen til Bergen. Dermed var Magnus Lagabøter einekonge. Truleg hadde han alt planlagt det storstilte lovgjevingssarbeidet, for han tok straks initiativ til å slutta fred med Skottland. I 1264 og 1269 inngjekk Magnus Lagabøter òg traktatar med England, og han heldt fred med Sverige og Danmark. Den frededelege utanrikspolitikken gjorde det mogeleg å konsentrera alle ressursar om det å gje ei ny, riksdekkjande lovbok som skulle brukast i praksis.

Alt i 1267 vart ei ny lovbok vedtatt på Gulating. I 1268 vart den òg vedtatt på Eidsivating og Borgarting. Vi kan ikkje vita om dette var heilt likelydande lovbøker, eller om det var variasjonar mellom dei fordi dei gjaldt for ulike lagtingsområde med ulike rettstradisjonar. Alt som er bevart frå denne lovgjevinga, er kristenretten for Gulating og Borgarting, som enkelt sagt vil seia lovreglar for kyrkjeleg organisering og for kristen livsførsel. Dei bevarte kristenrettane indikerer ein stor grad av rettslikskap mellom lovbøkene.

Om lovgjevinga frå 1267 og 1268 var meint å vera riksdekkjande, så stranda heile prosjektet på Frostating i 1269. Bakgrunnen var at erkebiskop Jon Raude protesterte mot at Magnus Lagabøter i lovboka gav kristenrettsreglar. Av tosverdslæra, som var formulert innleiingsvis i Kristendomsbolken i lovbøkene frå 1267 og 1268, gjekk det klart fram at kongen kunne lovgje for verdslege forhold i samfunnet, medan det var erkebiskopen som skulle lovgje for åndelege forhold. Det var altså erkebiskopen som hadde rett i 1269. Når Magnus Lagabøter hadde inkludert ein kristenrett i lovbøkene, var det nok fordi det var tradisjon for at kongar samarbeidde med kyrkja om kristenretten, og at den var inkludert som ein eigen del før den verdslege retten i lovbøkene. Ser ein på innhaldet, var det heller ingen stor konflikt mellom konge og erkebiskop om korleis retten skulle vera for kyrkjeorganisering og for kristen livsførsel. Likevel betydde dette at det store reformprosjektet stoppa heilt opp i 1269. Same året var Magnus Lagabøter så sjuk at han fekk den siste olje.

Det såg mørkt ut i 1269. Men krisa som oppstod etter at Frostating avviste den nye lovboka, skulle visa seg å ha som følgje at den riksdekkjande lovgjevinga fekk ein langt høgare kvalitet. Magnus Lagabøter overlevde. Men medan kongen med sine politiske ambisjonar var den same før og

etter 1269, skjedde det på denne tida eit skifte av kongen sine nære medarbeidarar. Særleg kom det to unge menn inn i krinsen av lovgjevingsarbeidarar rundt Magnus Lagabøter. Tore Håkonsson Biskopsson tok over som kanslar og dermed truleg som leiar for lovgjevingsarbeidet. Audun Hugleiksson vart ein av kongen sine stallarar, som vil seia juridiske rådgjevarar, og vart truleg den leiande mellom dei i tilknytning til lovarbeidet. Utan at ein kan vita det sikkert, kan ein spekulera i om desse to unge mennene tok med seg to ulike kunnskapsgrunnlag inn i lovgjevingsarbeidet, som kom til å heva kvaliteten på lovboka monaleg. Samstundes er det mogeleg at dronning Ingeborg etter Magnus Lagabøter si sjukdomstid trer fram som ein klarare politisk aktør.

Audun Hugleiksson skal ifølgje *Biskop Arnes saga* ha vore den kunnigaste i eldre norsk rett. Kanskje var det han som gav Landslova ei utforming som gjorde at forskarar har vorte lurte trill rundt og sett på Landslova som i stor grad eit framhald av eldre rett. For det er påfallande at mange av lovreglane i Landslova byrjar med ei setning frå eldre rett, og difor ved fyrste augekast ser kjent ut for den som kjenner rettstilstanden før Landslova. Men dess meir ein les av lovreglane, dess meir nytt materiale møter ein på, før det mest radikale gjerne kjem mot slutten. Det var Brage Hatløy som fyrst oppdaga dette, og det er han som har hevda at om lag halvparten av Landslova er mykje omarbeidd eldre rett eller heilt ny rett. Om dette var Audun Hugleiksson sitt arbeid, så bidrog han til å gjera det mogeleg med dristig lovgjeving, fordi dei lovreglane som utfordra eksisterande førestillingar om rett, var godt gøymde. Like viktig var at Audun Hugleiksson truleg hadde studert juss ved eit av universiteta sør i Europa. For dei ulike bolkanen i Landslova er strengt strukturerte etter ulike tema som logisk følgjer kvarandre, fram til ein på slutten av bolken samlar restereglane som ikkje passa inn i strukturen. Samstundes er reglane kopla saman, slik at Landslova ikkje inneheld motsetningar. Vidare byggjer reglar om same sak, men som er fordelt på ulike bolkar, på same føresetnadar og fremmar same politiske målsetjing.

Vi veit ikkje noko om kva som gjorde Tore Håkonsson Biskopsson særleg kvalifisert til å delta i arbeidet med Landslova, men vi kan gissa på at han var godt utdanna, sidan han vaks opp i ein heim med både lærdom og kapital. Far hans, biskop Håkon i Oslo, rakk til og med å vera erkebiskop 1265–1267. Vi veit at han og Magnus Lagabøter i den tida gav ei felles lov med eit forbod mot å ta renter på lån, og det har vorte hevda at kristenretten i lovbøkene vedtatt i 1267 og 1268 var utarbeidd nettopp i samarbeid med erkebiskop Håkon. Tore Håkonsson Biskopsson har ein mistenkt for å ha særleg kunnskap om kyrkjerett, noko som gjorde at Magnus Lagabøter kunne snika seg inn på kyrkja sitt lovgjevingsområde i Landslova, trass i ein avtale med kyrkja i 1273 som drog ei grense etter den alt omtalte tosverdslæra. Like viktig var det at nokon som har vore med på å laga Landslova, har kjent filosofien til Thomas Aquinas, og vore i stand til å gjera naudsyn (*necessitas*) til ein tverrgåande struktur i lovboka, slik den er det i filosofien til den store mellomalderfilosofen som førelas i Paris på 1260-talet. Dette bidrar ytterlegare til den samanhengen som ein finn mellom dei ulike delane av Landslova. Ein slik samanheng gjer ikkje berre kvar einskild lovregel klarare. Den gjer òg at ein kan tolka inn i lovreglane tilfelle ein ikkje hadde tenkt på når ein lovgav, fordi lovreglane lesne i samanheng skapar ein kontekst for utvidande tolking.



Dronning Ingeborg er ein siste person ein kan lura på om kom med i lovgjevingsarbeidet etter 1269. Ho vart gift med Magnus Lagabøter nokre dagar før han vart krona som konge i 1261. Det kan vera at ho rundt 1270, etter å ha fødd tre søner, hadde vore så lenge i Noreg at ho kunne verta ein politisk aktør. Det at Magnus Lagabøter var alvorleg sjuk i 1269, kan òg ha vore med og opna for at dronninga kunne verta ein tydeleg politisk aktør. Ein ser i alle fall at ho absolutt hadde politiske eigenskapar i den rolla ho spela i norsk politikk etter Magnus Lagabøters død i 1280. I så fall kan ein lura på om det til dømes var gjennom henne at ein fekk innført ordninga med at kvinner fekk halv arverett av sine brør. Dette vart innført i Danmark seinast med Jyske Lov i 1241, og var eit brot med eldre norsk rett der kvinner bare fekk formue etter foreldra sine som medgift. Kopla med at kvinner, på same vis som menn, vart myndige og kunne rå over eigen eigedom når dei var 20 år, vart arveretten viktig for å gjera kvinner friare frå familien. For arveretten gjorde at alle kvinner, ikkje bare dei velstående og dei som vart gifte, fekk tilgang på kapital som dei sjølve kunne rå over. Dette gjorde at mannlege familiemedlemmar sitt rådevelde over kvinner vart sterkt redusert. Òg av andre reglar ser dette ut til å ha vore eit av dei mange føremåla med Landslova. Dronning Ingeborg hadde sjølv vorte gifta bort som del av eit politisk spel, og kan ha hatt sterke meiningar om rådande rettsstilstand.

Kvinner si rettsstilling er bare eitt av mange døme på korleis Landslova kopla eldre rett med nye tankar for å tilpassa retten etter endra samfunnsforhold og ei endring i forståingshorisonten. Dette gjer Landslova til ei storstilt, politisk samfunnsreform driven fram gjennom å gje ei lovbok. Av dei overleverte manuskripta kan vi sjå at sentralmakta sin vilje til endring til tider vart møtt med motstand. For Landslova vart formidla gjennom handskrivne manuskript. Ein kan anta at det tok tre til fire månadar å skriva eit manuskript av Landslova med rein tekst og utan utsmykkingar. Teksten vart skriven på pergament, som er tilarbeidd kalveskinn. Det gjekk med litt over 40 kalveskinn til eitt eksemplar av Landslova, noko som gjorde at lovboka på ingen måte var allemannseige. Samstundes gjev dei mange overleverte manuskripta og unike manuskriptfragmenta grunn til å tru at det rundt 1350 var om lag eitt manuskript av Landslova per om lag 1200 innbyggjarar i det norske riket. Så sjølv om langt frå alle hadde eit eksemplar av lovboka, visste mange kor det fanst eit eksemplar som dei kunne oppsøkje for å skriva av dei reglane dei hadde bruk for.

At Landslova vart formidla gjennom handskrivne manuskript, gjorde at det oppstod mange ulike variantar. Til tider er det grunn til å tolka variasjonane som utslag av usemje om kva som var god rett. Til dømes gjeld dette hemnretten. Retten til å hemna skade på kropp eller ære finn ein fleire døme på i både Den eldre Gulatingslova og Frostatingslova. Landslova avskaffar derimot hemnretten for drap, for tjuveri, for fysisk skade og skade på ære, og for seksuell omgang med kvinner ein hadde i si varetekt. Likevel har fleire landslovmanuskript ein generell hemnregel som gjer hemn lovleg om kongen sine embetsmenn ikkje forfølgjer ein brotsmann. At kong Håkon 5. seinare i si lovgjeving på 1290-talet skulle opna for hemn mellom anna i samband med hestetjuveri, indikerer at avskaffinga av hemnretten var viktig for Magnus Lagabøter, men i beste fall kvilte på ein skjør konsensus.

Dette må Magnus Lagabøter ha kjent til gjennom dei mange tingmøta og forhandlingane som vi må tru var ein del av utarbeidinga av Landslova. Ein kunne difor forventa at han stramma grepet og kravde at Landslova skulle nyttast etter sin bokstav i kvart tilfelle, og slik hindra at eldre rettsførestillinger fekk plass i rettspraksis. Dette ville han i så fall ha god dekning for i europeisk rettstenking, der ein frå andre halvdel av 1100-talet diskuterte tilhøvet mellom *jus strictum* og *jus aequum* – om det å følgja lov gav mest rettferd generelt, eller om ein burde opna for at lov kunne fråvikast i einskildtilfelle om den gav eit urimeleg resultat. Det var heilt klart synspunktet om *jus strictum* som fekk mest oppslutning både i den meir overordna diskursen og i dei meir konkrete regeldiskusjonane. I Landslova valde Magnus Lagabøter i staden å gje dommarane, som var lagmannen og 12 lokale lagrettemenn, plikt til å fylla lovtomme rom og til å setja lov til sides om den gav eit urimeleg resultat. Men retten stod likevel ikkje heilt fritt. For alle dommarane måtte verta samde, elles gjaldt meininga til den kongelege lagmannen, om ikkje kongen meinte lagmannen tok feil og at noko anna var meir rettvist.

Landslova vart gjeven av kongen til dei norske lagtinga frå 1274 til 1276. Dette var eit brot med tradisjonen for at kongen kom med forslag til lov som tinget så diskuterte og vedtok. Fyrste gong dette vart gjort, er truleg Håkon 4.s nye lov i 1260. Men den var ei samansetjing av minst to eldre lover, som truleg var vedtatte, og difor var ei ny vedtaking ikkje nødvendig. Difor er det nok fyrst med Landslova at tinget vart sett til side som eit lovgjevande organ. På andre sida opna altså Landslova for at tinget skulle ha makt til å skapa rett i den einskilde sak når det var lovtomme rom, eller når bruk av lova sin bokstav gav eit urettvist resultat. Sidan sjølv lagtinga før 1200-talet primært hadde gjeve lov i form i einskildreglar eller mindre samlingar av slike, var endringa som kom med Landslova dermed ikkje så stor.

Ved sida av at Landslova opna for at tinget skulle fylla lovtomme rom og setja til sides lov som gav eit urettvist resultat i ei konkret sak, var prinsippet i Landslova at saker skulle løysast lokalt og dermed etter lokal rett. For trass i at Landslova regulerte den verdslege delen av samfunnet i si fulle breidde, var det bare dei mest grunnleggjande spørsmåla som vart regulerte. Så sjølv om Landslova har ein del reglar om gjerdehald, grunder og veg, var dei fleste spørsmål om desse saksfelta ikkje regulerte i lovboka. Dette er fordi Landslova var ei rammelov der ein regulerte dei spørsmåla som var samfunnsmessig viktige, og overlét resten til lokal sjølvregulering. I det heile tatt føreset Landslova eit fungerande reguleringssystem lokalt. Til dømes finst det i Landslova fleire referansar til bygdelag og regionar sin kapital, som skal administrerast og brukast i samband med fellesskapen sine gjeremål. Og i samband med leidangsskatten, som var kjernen i skattebetalinga, skulle den forvaltast av lagmannen, ein hirdmann og ein fornuftig bonde. Når dei valde å gje ut middel til systemannen til bruk på forsvarssystemet for det norske riket, måtte systemannen seinare leggja fram rekneskap for tinget for å visa at skattemidla var rett brukte. Igjen ser vi korleis Landslova var gjeven av kongen, men at bruken skjedde i samspel mellom kongelege embetsmenn og tinget og tinget sine representantar – utan at kongen har streng kontroll.

Landslova var på 1600-talet framleis i bruk i det norske riket og dei norske skattlanda, som til dømes Shetland. Brage Hatløy har vist at den norske lovkommissjonen som førebudde Kristian 5.s Norske Lov av 1687, meinte at ganske store delar av Landslova med fordel kunne førast vidare i den nye lovboka. I staden valde Kristian 5. å samkøyra norsk og dansk rett. Det betydde på eine sida at mange reglar frå Landslova fall bort. Samstundes har det vorte oversett at Landslova var ei viktig kjelde til endringar i dansk rett. Til dømes straffefritaket for psykisk sjuke valdsmenn i Landslova vart tatt inn i både Danske Lov av 1683 og Norske Lov av 1687. Fattigomsorgsordninga som vart innført i Danmark i 1708, må vera modellert etter legdsordninga i Landslova, som vart vidareført i Norske Lov av 1687. Så må det leggjast til at arbeidet med ei ny lovbok for Island, som tok til på 1750-talet, aldri vart slutført. Så på Island gjeld framleis Jónsbók frå 1281, som enkelt sagt kan seiast å vera Landslova sterkt tilpassa islandske forhold.

Kva er så den viktigaste arven etter Landslova av 1274, 750 år etter den vart gjeven? På den eine sida er det slik at 750 år er ein lang historisk periode som rommar mange store endringar, i alt frå busetnadsmønster og næringsliv til offentleg administrasjon og statsmakta sin karakter. Det er ganske utenkjeleg at Landslova skulle ha kraft til å brøyta seg gjennom all historisk brottsjø. På den andre sida er det slik at hendingar i formative periodar ofte har større verknad enn andre hendingar. 1200-talet kan godt seiast å vera fødselstidspunktet for den sentralmakta som utvikla seg til ei statsmakt slik vi kjenner den i dag. Landslova er kanskje den viktigaste hendinga i denne formative perioden for den norske staten. Slik har den hatt ekstra stor kraft og påverknadshøve, og slik hatt evne til å gje eit viktig, men ikkje avgjerande bidrag til den norske rettskulturen. At lov nyt så høg tillit i Noreg og at lekmannsinnslaget i norske domstolar står så sterkt, kan ein spørja om ikkje kan knytast til Landslova som ei vellukka samfunnsreform som kvilte på eit styringssystem med brei samfunnsdeltaking.

Dette siste er ikkje tema for denne kommentarutgåva av Landslova. Kommentارutgåver er ein eigen juridisk sjanger, der regel for regel vert dissekert for å gje størst mogeleg innsikt i kva som eigentleg er innhaldet i lova. Denne kommentarutgåva er derimot ei historisk kommentarutgåve der dei ulike delane av Landslova vert inngåande granska for å seia noko om samfunnet. Slik vert ein betre kjent med lovboka, samfunnet den skulle regulera, og Landslova som eit politisk prosjekt.

Jørn Øyrehagen Sunde



# INNHALD

|  |    |
|--|----|
| <b>LANDSLOVEN SOM TEKST: TILKOMST OG OVERLEVERING</b> .....    | 17 |
| <i>Anna Catharina Horn</i>                                     |    |
| Innledning – Landsloven .....                                  | 17 |
| Landslovens tilkomst og oppbygning .....                       | 18 |
| Produksjonen av Landsloven .....                               | 22 |
| Tekstvariasjon i Landsloven .....                              | 24 |
| <br>   |    |
| <b>PROLOGEN</b> .....  | 35 |
| <i>Brage Thunestvedt Hatløy</i>                                |    |
| Introduksjon.....  | 35 |
| Kongen og Gud si helsing til tingforsamlinga.....              | 36 |
| Forklaringa av bolkeordninga .....                             | 37 |
| Prologen i ein norsk og europeisk kontekst .....               | 41 |
| <br>   |    |
| <b>TINGFERDSBOLKEN</b> .....                                   | 45 |
| <i>Leidulf Melve og Jørn Øyrehagen Sunde</i>                   |    |
| Tingferdsbolken .....  | 46 |
| Tingordninga som kommunikasjonsplattform .....                 | 48 |
| Tinget og samfunnsstyringa .....                               | 51 |
| Lagtinget og tingmennene .....                                 | 53 |
| Lagtinget som domstol .....                                    | 57 |
| Lagtinget og lagstemnet .....                                  | 60 |
| Frå tinget i Landslova til Stortinget .....                    | 63 |
| <br>   |    |
| <b>KRISTENDOMSBOLKEN</b> .....                                 | 67 |
| <i>Torstein Jørgensen, Erik Opsahl og Jørn Øyrehagen Sunde</i> |    |
| Den konstitusjonelle delen som ikke skulle ha vært der.....    | 67 |
| Trosbekjennelsen ved inngangen til Landsloven.....             | 68 |
| Tosverdslæren som Landslovens grunnpilar .....                 | 72 |

|  |     |
|--|-----|
| Kongearv og -valg .....  | 79  |
| Styringsavtaler .....  | 89  |
| Etter Landsloven .....   | 93  |
| <b>LANDEVERNSBOLKEN</b> .....  | 99  |
| <i>Erik Opsahl</i>   |     |
| Rettferdiggjøring av krig .....  | 101 |
| Den militære leidangen .....   | 104 |
| Ytelser til kongen – fritak .....  | 132 |
| Leidangsskatten .....  | 137 |
| <b>MANNHELGEBOLKEN</b> .....   | 153 |
| <i>Hans Jacob Orning</i>   |     |
| Innledning .....   | 153 |
| Organiseringen av Mannhelgebolken .....  | 154 |
| Det typiske drap .....   | 156 |
| De grunnleggende rettsprinsippene .....  | 159 |
| Straff og synd .....   | 169 |
| Ære og hevn .....  | 176 |
| En sammensatt lov .....  | 184 |
| Rettsutviklingen fram mot 1274: Landsloven og Gulatingsloven .....                   | 185 |
| Rettsutviklingen etter 1274: landsloven, retterbøter og Kristian 5s norske lov ..... | 197 |
| <b>ARVEBOLKEN</b> .....  | 205 |
| <i>Thomas Eeg, Brage Thunestvedt Hatløy og Else Mundal</i>                           |     |
| Innhald og tema .....  | 205 |
| Om bortgiftning av kvinner .....   | 211 |
| Arvetalet .....  | 220 |
| Ættleiing .....  | 238 |
| Bortfall av arverett .....   | 239 |
| Arverettslege prosessreglar i vid forstand .....                                     | 241 |
| Bryllaupsfeiring og arveøl .....   | 255 |
| Moleg rasjonale bak Arvebolken og den vidare rettsutviklinga .....                   | 256 |
| <b>ODELS- OG JORDLØSNINGSBOLKEN</b> .....  | 261 |
| <i>Per G. Norseng</i>  |     |
| Prolog – den historiske bakgrunnen .....   | 261 |
| Innholdet i Odels- og jordløsningsbolken .....                                       | 270 |
| Odels- og åsetesretten i Arvebolken .....  | 290 |
| Odelsretten i Landsleiebolken .....  | 292 |
| Odelsretten fra Landsloven til Grunnloven .....                                      | 294 |

|   |     |
|---|-----|
| <b>LANDSLEIGEBOLKEN</b> .....                                       | 307 |
| <i>Gunnar Ketil Eriksen, Else Mundal og Magne Njåstad</i>           |     |
| Innleiing .....   | 307 |
| Leigetilhøva .....  | 308 |
| Grannetilhøva .....   | 310 |
| Bygdefellesskapet .....   | 312 |
| Landnåmsbot og skadeserstatning som kombinert sanksjon .....        | 315 |
| Konge og ombodsmannen hans .....                                    | 327 |
| Konfliktløsning: Grannestemne, ting, skjønnsame menn og vitne ..... | 330 |
| Nokre avsluttande merknadar .....                                   | 337 |
| <br>  |     |
| <b>KJØPEBOLKEN</b> .....  | 341 |
| <i>Brage Tunestvedt Hatløy</i>                                      |     |
| Innhald og struktur .....   | 341 |
| Om å gjere krav etter lova .....                                    | 343 |
| Stemning, søksmål og prosess .....                                  | 347 |
| Utviklinga fram mot og etter Christian IVs Norske Lov av 1604 ..... | 360 |
| Konkluderande refleksjonar .....                                    | 362 |
| <br>  |     |
| <b>TYVEBOLKEN</b> .....   | 365 |
| <i>Ole-Albert Rønning Nordby</i>                                    |     |
| Del 1. Tyveri .....   | 366 |
| Del 2. Eder .....   | 383 |
| Konklusjon .....  | 399 |
| <br>  |     |
| <b>SLUTTRETTERBØTENE TIL KONG HÅKON OG KONG MAGNUS</b> .....        | 403 |
| <i>Anna Catharina Horn</i>  |     |
| Innledning .....  | 403 |
| Håkon 4 Håkonssons retterbøter .....                                | 407 |
| Magnus 6 Håkonssons retterbøter .....                               | 408 |
| <br>  |     |
| <b>FARMANNSLOVEN</b> .....  | 413 |
| <i>Gunnar Chr Jansen</i>  |     |
| Handel og sjøfart på 1200-tallet .....                              | 413 |
| Farmannslovens tilblivelse .....                                    | 418 |
| Innholdet i Farmannsloven .....                                     | 421 |
| Utviklingen etter 1276 .....  | 446 |
| <br>  |     |
| <b>BIDRAGSYTERE</b> .....   | 451 |

Kong Magnus VI's Håkonsson Lagabøters landslov av 1274 var ei stor, politisk driven samfunnsreform gjennom lovgjeving. Landslova var difor ei stor hending i både norsk og europeisk rettshistorie. Den var éi av berre tre riksdekkjande lovbøker i Europa på 1200-talet, som éi av to riksdekkjande lovbøker som regulerte samfunnet i si fulle breidde, og den einaste riksdekkjande lovboka som faktisk vart brukt. Dermed kom Magnus Lagabøters lovgjeving til å prega politikk, rettsliv og daglegliv i Noreg i 400 år, fram til den vart avløyst av Christian Vs Norske Lov i 1687. Dette gjer Landslova til kanskje det viktigaste dokumentet i norsk historie ved sida av Grunnlova av 1814.

I denne antologien vert Landslova av 1274 undersøkt inngåande del for del av fjorten framståande mellomalderforskarar. Dei mange lovreglane vert brukte til å skapa eit bilete av politikk, rettsliv og daglegliv i Noreg på 1200-talet. Fram stig eit bilete av ein fargerik og mangfaldig periode i norsk historie, og av eit samfunn og menneske som på éi og same tid er annleis og attkjennelege i dag.

